

Tilskot til freda kulturminne i privat eige – tildeling 2021. Omtale av søknadene

Nr	Bygning/ objekt	Søkjar	Samla kostnad	Søknads-sum	Forslag tildeling	Forslag førehands-tilsegn	Tiltak	Grunngjeving
Alver								
1	Bogatunet	Nord- og Midhordland sogelag	132 000	132 000		100 000	Skifte røteskadd kledning, reparere røteskadde opplengarar. Ny kledning av al. Skifte vannbord, vindskier, torvhaldstokk og torvhaldskrokar.	Det er søkt om tilskot til å skifte røteskadd kledning. Denne bør bytast ut for å hindre skade på den tømra kjerna bak kledningen. Vêrutsette bygningsdelar; torvkrokar og torvhaldsstokkar er røte og bør skiftast ut. Søknaden er godt dokumentert, og ligg innanfor tilskotsordninga.
2	Lygra kystlyngheier	Stiftinga Museums-senteret i Hordaland	1 088 225	730 000	600 000		Skjøtsel av kulturlandskapet - lyngheidrift.	Lyngheiane på Lygra ligg i UNESCO biosfæreområde, og er kjerna i KULA-landskapet Den Indre farleia. Det er eit særleg verdifullt lyngheilandskap, og driftast som eit komplett system. Jamn skjøtsel er avgjerande for å halde kulturlandskapet i hevd. Fylkesdirektøren vil difor prioritere tilskot til dette tiltaket, sjølv om lyngheilandskapet ikkje er freda. Tilskotet vert lagt på om lag same nivå som i fjor, for å sikre kontinuitet i skjøtelsarbeidet.
Aurland								
3	Myrdalsleitet forsamlingshus	Stiftinga Rallarmuseet Finse	3 519 075	1 754 000	400 000	300 000	Rehabilitering av heile bygget, dvs. tak, murvegger, utvendig kledning, vindauge, dører, etasjeskille/golv.	Søknaden inneheld ei rekke tiltak som omhandlar tak, utvendig kledning, murverket, dør og vindauge mm. Alle tiltaka som er nemnt fell innafør tilskotsordninga. Istandsetting av taket har fått prioritet i denne søknadsrunden. Det vil bidra til å sikre bygningen mot lekkasje, samt at ein får betre høve til å planlegge og styre istandsettingstiltaka framover. Søkjar har òg fått innvilga støtte hjå andre.
Bergen								
4	Sophies Minde	Anne-Margrethe Konow Lund	168 750	168 750	85 000		Prosjektering og oppføring av permanente feste i fjell for stillas, til vedlikehald av overflater med særns vanskeleg tilkomst.	Søknaden er eit tillegg til søknaden som vart innvilga i fjor. Plasseringa av huset gjer vedlikehald på bakveggen særns tyngande. Tiltaket vil leggja til rette for framtidig vedlikehald. Det vil vera rasjonelt og kostnadssparande å gjera dette i år, når det uansett er sett opp stillas for istandsettingsarbeid.
5	Sundt varemagasinet	ANS Torgalmenningen 14 hjemmel	5 255 274	3 516 452	400 000	600 000	Utskifting av stålvidaugsrammer i 5. og 6. etasje. Må støypast i Danmark. Støypeform må lagast. Kjøp og montering, gjenbruk av deler. Rigg og drift.	Sundtbygningen er freda som eit hovudverk i norsk modernisme, og vindauga er framheva som heilt vesentleg element. Bygningen har fuktskadar frå vindauge i brystning og golv. 5. etasje står utan bruk. Stålvidauga har rustskader og utgjer 50 % av veggarealet i eksteriøret, og må spesialproduserast for akseptabel antikvarisk løysing. Tiltaket fekk til saman 900 000 i tilskot i fjor, men også når dette reknast inn vert eigenandelen høg.

6	Christinegård	Christine-gaard hovedgaard AS	1 900 000	2 375 000	300 000		Vidareføre istandsetjing av hovudbygning, tenarbustad og fjøs/stall: utbetring av kledning, takrenner, vindauge, ytterdører. Vidareføre istandsetjing av hagemurane, og fjerna store tre som er til fare for bygningane.	Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilskapleg istandsetjingsplan og har vore prioritert gjennom ei rekkje år. Fylkesdirektøren ser det som viktig at denne prosessen vert ført vidare. Det står att ein del ubrukte tilskotsmidlar frå tidlegare tildelingar, og det gjer at årets tilskot vert sett relativt lågt samanlikna med søknaden. Av tiltaka i søknaden vil fylkesdirektøren prioritere istandsetjing av kjeglebanen ved hovudhuset.
7	Kalfarlien 18	Dr. Agdestein AS	658 000	460 600	330 000		Istandsetjing av arker og kjellarvindaue, nye vindauge i fire av arkene. Prosjektering av mur- og puss-skader, utvendig trapp og strukturskade i stove.	Tiltaka går ut på naudsynt istandsetjing av bygningen og er grundig greia ut i søknaden. Nyleg eigarskifte har ført til at det er sett i gang eit systematisk istandsettingsarbeid, og fylkesdirektøren ser det som viktig å leggja til rette for at denne prosessen held fram. Tilskotsandelen er sett til 50 %, sidan dette er ein bygning med stor bruksverdi.
8	Reperbanen Fjøsanger	Gerdt Meyer Bruun AS	4 357 200	4 357 200	600 000	800 000	Istandsetjing av taket, drenering, elektrisk anlegg, brannsikring.	Reperbanen på Fjøsanger i Bergen er eit stort og sjeldant anlegg i nasjonal samanheng. Det er eit særleg tyngande anlegg å vedlikehalda. Det vert søkt om fleire tiltak som heng saman. Totalbudsjettet er utan eigendel. I denne omgang vert ferdigstilling av takarbeid prioritert. Fylkesdirektøren rår til ei tildeling på 1 400 000 kr. over to år, slik at ein kan avslutte istandsetjing av taket på Reperbanen.
9	Enebolig Konow	Heidi Ann Jaeger	1 090 000	500 000	500 000		Omspikring av skifertak, utskifting av lekter/federar, utskifting av takrenner og beslag. Brukbar skifer skal gjenbrukast, elles erstattast med ny.	Villa Konow har eit relativt flatt valmtak, nokre lekkasjar gjennom pipe er observert. Taktekkinga er frå byggeåret i 1935. Tiltaket går ut på istandsetjing av skifertak, inkludert utskifting av renner, beslag og plattlodd. Brukbar takskifer skal gjenbrukast. Tett tak er eit viktig tiltak for bevaring av bygningen på lang sikt. Bygningen er i bruk som bolighus. Budsjettet har ein eigendel på nær 50 %.
10	Kronstad hovedgård, hovudbygning og hagehus	Krigsveteranenes minne Kronstad hovedgård	2 687 500	2 687 500	250 000	500 000	Hovudbygning: fullføre istandsetjing av begge vindfang. Vindfang mot sør: Innvendig panelarbeid, golvfliser og elektroarbeid. Vindfang mot nord: Restaurere tak, dører, vindauge, kledning og elektroarbeid, etc. Hagehus (paktarbustad): Restaurering av resterande vindauge, tak og yttervegger, måling. Innvendig elektroarbeid.	Kronstad Hovedgård er eit stort og krevjande anlegg å setja i stand, og har vore prioritert i denne tilskotsordninga gjennom mange år. For vindfang sør er det viktig å få fullført pågåande istandsetjing. Vindfang nord er i dårleg stand og vert også prioritert, medan tiltak på paktarbustaden kan vente. Tiltaka bør la seg gjennomføre rimelegare enn det som er lagt til grunn i søknaden. Det tel positivt at anlegget er tilgjengeleg for ålmenta ved arrangement.

11	Store Milde hovedgård	Nord- og Midthordland høgskulelag	6 856 326	2 900 000	500 000	1 000 000	Utarbeide rapport om tilstand og tilrådde tiltak på Regence- og Rokokkosalane. Ombygging av tilbygg i vest ("Bindelekken") og oppussing av romma i bygningens vestre og nord-austre del.	Søknaden gjeld første etappe i eit særst omfattande prosjekt, som tidlegare har fått tilskot til prosjektering. Høg eigenfinansiering. Dei to dekorerte salane er særst verdifulle interiør med stort trong for istandsetting, og rapport om desse vert difor støtta fullt ut. Av dei andre tiltaka som er omsøkt, vert oppussing av romma prioritert for tilskot, sidan det her er ein del antikvariske meirkostnader.
12	Garnes stasjon	Norsk jernbane-klubb, Gamle Vossebanen	276 545	179 595		80 000	Utsifting/tilbakeføring av vindauge, utskifting/restaurering av dør.	Tiltaket er eit tilbakeføringsprosjekt og vil auke bygningens bruksverdi betydelig. Samstundes er tiltaket ikkje eit hastetiltak og kan vente til neste år. Utsifting av vindauge vert prioritert. Døra kan restaurerast og vert ikkje prioritert. Fylkesdirektøren rår til at utskifting av vindauge gis eit førehandstilsegn på kr 80 000 for 2022.
13	Alvøen hovudbygning	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	1 325 000	1 025 000	250 000	250 000	Utbetring av tak med nedtaking av takstein, erstatte skada stein, nye lekter og sløyfer, erstatte skada sutaksbord, dekkbord og vindskier. Legge duk på undertak. Leige tak over tak og tak-stillas.	Taket er i dårleg tilstand med råteskader i undertak, lekter og sløyfer. For å hindra vidare skadeutvikling på eit tidleg tidspunkt bør ein prioritera utbetring av taket. Med ein tildeling på 500 000 over to år vil en kunne dekke 50 % av totalkostnadane, basert på rimelegaste løysing med tilkomst til tak via ordinært stillas.
14	St. Jørgens hospital, kartlegging av grunnforhold	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	390 000	370 000	150 000		Forprosjekt om å stanse setningsskader og kartlegge grunnforhold.	Grunnforholda rundt anlegget er ustabile og har over tid ført til omfattande setningsskader. Det er viktig å få kartlagt skadeutvikling og årsaker. Tiltak som kan hindra vidare skadeutvikling er ressurskrevjande fordi tiltak må planleggast i ein større samanheng, med både geografisk med området rundt, utbetring av kommunal infrastruktur og samanhengen mellom bevaring av arkeologiske kulturlag og bygningar. Forprosjektet vil utarbeide ein heilskapleg plan for tiltak i grunnen, og avklare prioriteringar og rekkefølge i det vidare arbeidet for å sikre anlegget. Tilskotet er ei delfinansiering gitt under føresetnad om at søkjar går inn med ein eigendel eller skaffar anna delfinansiering utover tilskotet, tilsvarande minimum 50 % av totalbudsjettet.

15	St. Jørgens hospital, hovudbygning	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	1 813 000	638 000	Avslag		Utskifting av tak nordre del + valmer. Skifte delar av sutak og demontere/remontere takstein.	Det vart søkt om 757 800 kr. for tilsvarande omlegging av langsida mot aust i 2018. Tilskotet var på 600 000 kr. Tiltaket vart gjennomført i 2019. I 2019 vart det søkt om 1 470 000 kr. til omlegging av langsida mot vest og valmar. Tilskotet var på 700 000 kr. Tiltaket kom ikkje i gang i 2020, og vart etter søknad overført til 2021. I tillegg vart 175 000 kr. av tilskotsmidlar frå post 71 etter søknad omdisponert frå eit anna tiltak. For 2021 er disponible tilskotsmidlar 875 000 kr.. Det søkjast om 638 000 kr. i friske midlar for 2021. Tiltaket vert budsjettert med ein totalkostnad på 1 813 000 kr.. Samanlikna med omlegging av langsida mot aust i 2019, verkar totalkostnaden høg sjølv om valmane er inkludert i dette tiltaket. Totalbudsjettet har låg eigendel og er allereie finansiert med eit tilskot på 875 000kr. for 2021. Fylkesdirektøren rår til at søknad om friske midlar vert avslått.
16	Espeland fangeleir, Adm.brakke	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	170 600	127 950	100 000		Fjerning av eternitt-plater forskriftsmessig. Utbetring av fukt- og røteskader. Vøling av vindauge. Reparasjon og maling av mur. Montering av ståande trepanel som kopi av opprinneleg. Panelet dekkast med komposisjonsmaling i opprinneleg farge og glans.	Det er sendt inn fire søknader for ulike tiltak i fangeleiren som til saman utgjer nærmare 2,1 mill. kroner. Omsøkt tiltak for administrasjonsbrakken fell innafør tilskotsordninga og representerer ei tilbakeføring av nordfasaden frå dagens eternitkledning til kopi av opphavleg kledningstype og overflatebehandling. Tiltaket omfattar og vøling av vindauge og er eit ledd i å styrke det opphavlege uttrykket til bygningsmassen i leiren.
17	Espeland fangeleir, Brakke II	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	2 185 625	1 569 109	300 000	500 000	Brakka skal leggst til rette for undervisningsformål. Bygget er i stort behov av generelt vedlikehald. Eksteriør må veggjar målast og vinduer istandsettast, evt. erstattast med kopiar - spesielt kjellarvindauge mot sør er i dårleg forfatning.	Det er sendt inn fire søknader som til saman utgjer nærmare 2,1 mill. kroner der denne bygningen representerer det mest omfattande tiltaket. Tiltaket involverer fleire fag som maler, tømmer, snekker, murer, samstundes som tiltaket og kan utløyse ein stor dugnadsinnsats av venneforeininga. Første del av søknaden omhandlar restaurering og dels utskifting av vindauge og dører og elles arbeid med eksteriør. Første del utgjer ca halve søknadssummen. Brakke II er ein stor bygning og istandsettinga kan med fordel sjåast over tid både for planlegging , styring og finansiering.
18	Espeland fangeleir, kjøkken/ messebygning	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	144 498	108 373	Avslag		Utskifting av røteskadd ytterpanel mot nord.	Det er sendt inn fire søknader som til saman utgjer nærmare 2,1 mill. kroner. Nordveggen på kjøkken/messebygningen har råteskader i kledning og det er planlagt å sette denne i stand. Dokumentasjonen i søknaden syner og enkelte kledningsbord som er råteskada, men status for veggjen er ikkje prekær. Det er vurdert at ein her kan skifte ut dei mest råteskada kledningsborda og slik strekke tiltaket ut i tid. Fylkesdirektøren rår difor til avslag på søknaden.

19	Espeland fangeleir, nødaggregatet	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	384 581	288 435	60 000		Restaurering av ytterpaneler, murar og dør.	Det er sendt inn fire søknader som til saman utgjer nærmare 2,1 mill. kroner. Istandsettingsarbeida på aggregatbygningen er kostnadsrekna til knappe 400 000 kr. der søknaden er på knappe 290 000 kr.. Det føreligg to pristilbod, eit på tømmerfag og eit på mur og puss. Tiltaka fell innafør stønadsordninga, men det er prioritert ei oppdeling av tiltaka som betyr at kledning og bygningselement i hovudetasjen kan istandsettast først.
20	Urdi	Urdi eiendom AS	1 387 925	1 087 925	Avslag		Oppgradering av tak, takvindauge, og innvendig trapp. Restaurering av utvendige søyler i portiko, inngangsdør/hovedinngang, restaurering av vindauge + varevindauge, reetablere 4 vindauge.	Det vert søkt om tilskot til utskifting av tak, innsetting av takvindauge, reetablering av fire opningar for vindauge i sidefasadane, restaurering av vindauge og hovuddør, og restaurering av råteskada søyler i portiko. Takarbeida og flytting av trapp vert å rekna som standardheving i forbindelse med bruksendring av bygninga, og fell utanfor ordninga. I tillegg er tiltaka som vert søkt om, unntatt restaurering av søyler, allereie utført. Søkar har ei unytta tildeling på kr 80 000 kr. frå 2020 ståande. Fylkesdirektøren vurderar det slik at søknaden ikkje kan prioriterast.
Bjørnafjorden								
21	Fusa gamle prestegard, hovudhus	Yngve Kartveit	1 450 000	870 000	250 000		Utskifting av kledning og vindauge på fasade mot aust og vest. Gjenbruke brukbar kledning. Arbeid i kjellar i nyare tilbygg mot nord; drenering og bunnledningar, tak.	Anlegget er eit tyngande anlegg å vedlikehalda, og består av fleire freda bygningar. Istandsetting av hovudhuset vert prioritert. Gavlvoggar vart istandsett i 2020. Grunna avgrensa økonomiske rammar i ordninga, vert berre eit av fleire tiltak prioritert i denne omgangen. Fylkesdirektøren tilrår eit tilskot på 250 000 kr. for 2021, til istandsetting av ein av langfasadane på hovudhuset. Eigendelen for istandsetting av fasaden mot aust vert 45 %.
Fjaler								
22	Gallefoss, stallbygning med uthus	Arnfinn Holmen	112 988	100 000	80 000		Vøle taksperr, sanere taktekking av asbestementplater, opplekting, montering av bølgeblekkplater.	Stallen er ikkje erklært freda, men dendrokronologisk analyse tilseier byggeår kring 1608. Prosess for å få bygningen erklært automatisk freda vil setjast i gang når det vert kapasitet til dette. Taklekkasje må stansast for å hindre ytterlegare skade. Tilskotet går til vøling av takkonstruksjon, sanering av asbestementplater, og til montering av nye bølgeblekkplater.
23	Gallefoss, våningshus	Inger Helen Stenevik	635 016	444 511	200 000	200 000	Sanere asbestementplater på yttertak, fjerne isolasjon, reparere røteskadd taktro og taksperr. Legge ny papp, sløyfer, lektar og skifer. Demontere kledning. Reparere og remontere opplenger, skifte røteskadd kledning, montere ny kledning av al. Utbetre røteskadd golv og bjelkelag i andre høgda. Reparere to røteskadde dører. Reparere 14 røteskadde vindauge, skifte knust glas. Utbetring av grunnmur; ta ut stein og mure opp på nytt.	Bygningen er ikkje erklært freda, men dendrokronologisk analyse tilseier byggeår kring 1600. Tilskotet går til sanering av asbestementplatar på yttertak, fjerning av isolasjon, vøling av råteskadd taktro og taksperr, montering av ny takpapp, sløyfer, lekter og skifer. Fylkesdirektøren vurderer at øvrig del av tiltaket kan vente til neste år, og rår til at det vert gjeve ei førehandstilsegn på 200 000 kr. til neste år.

Høyanger								
24	Direktørbolig / ingeniørbolig	Bjørn Alexander Berstad	190 000	74 000	Avslag		Utbetring av betongbrygge: rense for tang og tare, forskale ca 10cm rundt eksisterande brygge, armere og fyller med betong.	Brygga er ein del av områdefredinga av Parken og er eit opphavleg element. Material bruken er truleg ikkje original og tiltaket grensar til vanleg vedlikehald som ikkje har krav om antikvarisk utføring. Søkar fekk tildelt 21 000 kr. til tiltaket i 2020, som ikkje er nytta. Fylkesdirektøren rår difor til at søknaden ikkje blir prioritert.
Kvam								
25	Strandebarm prestegard, stabbur	Frank Lunde	625 900	400 000	200 000	200 000	Utskifting av taksperr, taktro, teglpanner, kledning, gulv, vindaug og dør.	Tiltaket inneber skifte av røteskada takkonstruksjon, skifte av kledning og opplengere, utbetring av golv og restaurering av vindaug og dør. Grunna stram økonomi i tilskotsordninga, får berre ein del av dei omsøkte tiltaka støtte i denne omgang. Tilskot til sikring av bygninga gjennom istandsetting av takkonstruksjon vert prioritert fyrst.
26	Vikøy gamle prestegard, paktarens stabbur	Siri Johanne Byrkjeland	410 000	325 000	200 000	100 000	Vidareføre istandsetjinga: Skifte det meste av kledninga og tilbakeføre til tradisjonell type kledning. Moglegvis reparere ein bjelke under døra. Fornye golvet ved inngangen og i andre høgda. Restaurere vindauga. Skifte berebjelke under bygninga.	Tiltaka er ei vidareføring av påbyrja istandsetting og naudsynte for å få bygninga opp på vanleg vedlikehaldsnivå. Stabburet har låg bruksverdi for eigar, noko som er grunnlag for ein høg tilskotsandel. Tiltaka kan la seg gjennomføra i fleire etappar, og delar av tilskotet er difor gitt som førehandstilsegn.
Kvinnherad								
27	Baroniet Rosendal, hageanlegget	Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkrone-ske stiftelse	5 278 082	1 000 000	500 000		Skjøtsel og drift av hageanlegget: rosehagen, landskapsparken, kjøkkenhagen og hovud- og sidealleane. Tilbakeføring av vegetasjon og andre parkelement.	Hageanlegget på Rosendal er eit av landets viktigaste kulturminne av sitt slag, men har stort etterslep på skjøtsel. Tiltaket er knytt til ein overordna planteplan, som legg til rette for ei styrking av dei kulturhistoriske kvalitetane. Det er med dette lagt eit særst godt grunnlag for istandsetting og skjøtsel. Tiltaket har høg eigendel, og det tel positivt at kulturminnet er godt tilgjengeleg for publikum.
28	Fjelberg prestegard, stall	Stiftelsen Fjelberg prestegård	84 000	68 000	Avslag		Utarbeiding av dokumentasjonsrapport med oppmåling, tilstandsvurdering og bygningskildring.	Bygninga er i dårleg stand, og tiltak for å berge han hastar. Søknaden gjeld bygningsundersøking med dokumentasjon, tilstandsskildring og vurdering, noko som vil vera eit godt grunnlag for framtidig istandsetting. I motsetnad til resten av prestegarden er bygninga ikkje freda, og det er ikkje meldt oppstart freding eller lagt konkrete planar om å freda bygninga. På bakgrunn av storleiken på årets ramme og retningslinene for tilskotsordninga, vil fylkesdirektøren difor ikkje prioritera dette tiltaket.
Luster								

29	Munthehuset Ytre Kroken	Stiftelsen Munthehuset i Ytre Kroken	1 800 000	800 000	Avslag		Istandsetjing av takmaleri i salen i 2. etasje.	Tiltaket har fått tilskot tidlegare frå post 71, HNK-sak 61/19. Bygningen er ikkje freda, men i samband med tildelinga av tilskot i HNK-sak 61/19 vurderte fylkesdirektøren huset til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og at takmaleria var ein vesentleg kulturhistorisk verdi i huset som det var viktig å ta vare på. Eigar har ikkje lukkast med å få ytterlegare finansiering av prosjektet frå andre og årets søknad er om det beløpet som dei har behov for å kunne gjennomføre prosjektet. Då fylkeskommunen fekk vesentleg mindre tilskot i årets tildeling enn vi søkte om har ein i år ikkje moglegheit til å løyve tilskot til ikkje freda bygningar der det heller ikkje er starta opp fredingssak. Fylkesdirektøren finn det uheldig at ein ikkje kan tilrå å løyve ytterlegare tilskot til dette prosjektet, då takmaleria er i dårleg teknisk stand og står i fare for å bli ytterlegare øydelagt. Men på grunn av årets økonomiske ramme prioriterer tilskot til ikkje freda bygningar i denne runden.
30	Ormelid, Steinstova	Stiftinga Ormelid gard	4 078 400	2 853 950	1 000 000	1 500 000	Totalrestaurering med reparasjonar av steinveggene mot aust og vest, tilbakeføring til torvtak, oppattbygging av peisane og tilbakeføring av skorstein. Utvendig trapp opp på loftet. tilbakeføring av vindauge på loftet, skifte av takbjelke i stova, tilbakeføring hellegolv på kjøkkenet.	Søknaden er omfattande og inneheld både istandsettingstiltak, tilbakeføring, rekonstruksjonar og standardheving. Fylkesdirektøren vil difor ikkje prioritere standardheving og rekonstruksjon av grue/pipe, men dei tiltaka som er naudsynte for å få bygningen opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå.
31	Ormelid, Vedahuset/ Nilsasstovo	Stiftinga Ormelid gard	84 000	58 800	Avslag		Tiltaket omfattar ferdigstilling av restaureringsarbeid. Det skal leggjast hellegolv i skotet og tilkomst til bygningen i form av nokre trappetrinn ute.	Tiltaket har preg av å vere ein standardheving og ikkje eit antikvarisk istandsettingstiltak eller ei tilbakeføring. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden ikkje blir prioritert.
32	Ormelid, Vedahuset/ Nilsasstovo	Stiftinga Ormelid gard	205 000	205 000	Avslag		Utført tiltak der kostnadane har blitt større enn tenkt ved oppstart.	Søknaden gjeld inndekning av underskot som skuldast mindre ekstern finansiering enn budsjettert. Tiltaket er gjennomført og har tidlegare fått tilskott frå post 71. Fylkesdirektøren rår difor til at søknaden ikkje blir prioritert.
33	Ormelid, Øvstestova	Stiftinga Ormelid gard	51 700	36 200	Avslag		Restaurering av gamal omn i 2. etasje i øvstestova.	Tiltaket gjeld restaurering av ein eldre støypejarnsomn som er freda som ein fast del av interiøret. Istandsetjinga vil både ta vare på dei antikvariske verdiane, samstundes som omnen kan nyttast. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å prioritere denne søknaden innfor årets ramme.
Lærdal								

34	Hansegården	Rolf Christopher Jerving	3 435 250	955 000	500 000	455 000	Utbetring/istandsetting av takkonstruksjon grunna insektsskade. Reparasjon av røteskada rekkverk.	Takkonstruksjonen har store husbukkskadar og krev ein gjennomgripande istandsetting. Rekkverket til hovudtrappa har store råteskadar og store delar av trevirket må erstattast. Tiltaket er naudsynt for å få bygningen opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå. Løyvinga går til å dekke dei antikvariske meirkostnadane med tiltaket.	
Osterøy									
35	Havrå, gnr 68, bnr 7 og 12	Geir Sundal	670 000	670 000	110 000		Drift av to gardsbruk: Mindre reparasjonar av element i grøntanlegg eller uteområde som trappeheller, murar og gjerde. Vedlikeholdsbeskjæring av buskar og tre, tynning i kratt og fjerning av død vegetasjon. Klipping av plen, ugrasluking, gjødsling, Utskifting av råtne eller øydelagde, mindre bygningsdelar. Overflatebehandling med måling av same type og farge som den eksisterande.	Skjøtsel er naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet. Fylkesdirektøren tilrår stønad til slått.	
36	Havrå, Norehuset	Geir Sundal	30 000	30 000	Avslag		Fjerning av dør, kopiering i god kvalitet, innsetting av kopi i dørøpning.	Døra er litt dårleg, men tiltaket er neppe prekært. Delar av tiltaket grensar til vedlikehald. Det vert difor ikkje prioritert.	
37	Havrå, Olsaløa	Geir Sundal	216 250	200 000	200 000		Skifte brakekledning på austre gavlvegg og 4 m2 av langvegg nord (oppsida). Nye stenger, oppretting av skvettheller, samt naudsynt vøling av opplenger, vindskier og vassbord. Stillasleige. Skifte lausheller og reparere takkonstruksjon.	Istandsetjing av brakekledning er eit særeige handverk som det er få som kan. Eigar har sikra tilgang på høgt kvalifisert kompetanse, og det er praktisk å utføre heile tiltaket i ein omgang. Løa har lite brukspotensial for eigar. Fylkesdirektøren tilrår difor tilnærma fullfinansiering.	
38	Havrå, gnr 68 bnr 3	Helene Kjærland	69 250	69 250	30 000		Skjøtsel av kulturlandskap på Simobruket - hogst, styving, bærbuskar.	Fast, årleg hogst og styving er naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet og vert difor prioritert.	
39	Havrå, gnr 68 bnr 3	Helene Kjærland	13 850	13 850	Avslag		Skjøtsel av kulturlandskap på Simobruket - potetar.	Eit godt tiltak for å halde i hevd kulturlandskapet, men innafor årets ramme kan fylkesdirektøren ikkje prioritere dette tiltaket.	
40	Havrå, gnr 68 bnr 3	Helene Kjærland	83 100	83 100	80 000		Skjøtsel av kulturlandskap på Simobruket - slått.	Fast, årleg slått er naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet og vert difor prioritert.	
41	Havrå, gnr 68 bnr 8, 10 og 11	Leif Havre	249 000	228 525	171 000		Skjøtsel av kulturlandskap - særleg verdifull slåttemark: På innmarksbødn skal alt gresset slåast, ca. 13 mål. Noe gress tørkast til internt bruk, og resten vert fjerna frå marka. Gjerdetilsyn, fjerne kvist, utrasing m.m. og nedfall frå skogen.	Skjøtsel er naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet. Godt planlagt og dokumentert søknad. Innleigd arbeidskraft frå MUHO og med årviss deltaking av ungdomar frå Osterøy gjev god formidling og kunnskapsdeling, og gjev meirverdi til tiltaket.	
42	Havrå, gnr 68, bnr 8, 10 og 11	Leif Havre	224 750	155 900		150 000	Omfattende reparasjon/utskifting av taktekking, undertak, renner og nedløp, Skifer takast av og leggst tilbake.	Taket har ikkje vore ettersett på to generasjonar, og det er naudsynt med ei istandsetjing. Fylkesdirektøren vurderer at tiltaket kan vente eit år og tilrår førehandstilsegn.	

43	Havrå, gnr 68, bnr 8, 10 og 11	Leif Havre	51 937	41 550		40 000	Felle skog rundt naust for å sikre det mot skade. Skogen rundt naustet står i sær bratt landskap og er så stor at rotvelt vil knuse naustet.	Naustet er istandsett tidlegare, og er no einaste attverande naust nede ved Laet. Trea som heng over naustet står i risiko for å falle over og knuse det. Det vert difor prioritert å fjerne desse.
44	Havrå, Andershuset	Mariann Heldal	42 000	42 000	Avslag		Reparere hoveddør, lemglas og stoveglas mot sør, vindaug i stove og ark mot vest, vindaug bad og loft mot nord, skifte dørstokk kjøkken, skifte kledning og måle yttervegg sør.	Tiltaket går ut på ein del interiørarbeid og tiltak som grenser til vedlikehald. Ikkje prekært nok til å verte prioritert i år.
45	Havrå, gnr 68 bnr 1, 2 og 6 og 9 samt ei rekkje utmarksteigar	Stiftinga Museums-senteret i Hordaland	2 782 808	2 280 000	2 100 000		Skjøtsel av kulturlandskap: Tradisjonell handboren skjøtsel i tråd med årshjul og skjøtelsesplan.	Årleg skjøtsel er avgjerande for å oppretthalde kulturlandskapet og stogge gjengroing. Årvisst deltaking av ungdomar frå Osterøy gjev god formidling og kunnskapsdeling, og gjev meirverdi til tiltaket. Fylkesdirektøren tilrår difor tildeling på om lag same nivå som tidlegare.
46	Havrå, Semensutløa	Stiftinga Museums-senteret i Hordaland	89 739	69 030		65 000	Utskifting av røte eller øydelagde, mindre bygningsdelar. Reparasjon av tak ved utskifting av enkelte takstein, skifer, beslag, bord, fliser eller torv, Utskifting av verutsette bygningsdelar som vassbord, vindskibord, torvahaldstokk og liknande, i samsvar med tradisjonell utføring og materialbruk.	Semensutløa står relativt eksponert på eit høgdedrag, og ein streng er spent over taket for å halde taket fast på bygningen. Utbetring av taket er difor naudsynt, men fylkesdirektøren vurderer at det kan vente eit år og tilrår difor førehandstilsegn.
Sogndal								
47	Heimdalstrand	Elisabeth Tonheim	121 213	84 500	Avslag		Tilbakeføring av gjerde rundt tomta, samt tilbakeføring av tidlegare utvendig trapp til kjøkkeninngang.	Istandsetting/tilbakeføring av gjerdet er eit tiltak som ikkje har vesentlege meirkostnader i høve det å sette opp eit ordinært netting- eller trådgjerde. Denne delen av søknaden blir difor ikkje prioritert. Tilbakeføring av kjøkenrappa er eit tiltak som vil vere positivt for det heilskaplege intrykket av kulturminnet. Tiltaket er ikkje naudsynt for bruken av bygningen eller for å betre tilstandsgraden til kulturminnet. Fylkesdirektøren finn difor ikkje rom for å prioritere dette tiltaket i år.
48	Loftesnes sorenskrivargard	Kari-Anne K Strandman	24 285	24 285	24 000		Restaurering av smijernsogn fra 1776.	Omnen er freda som ein del av interiøret i bestestova i bygningen og eit godt bevart eksempel på denne type omnar frå siste halvdel av 1700-talet. Omnen kan ikkje lengre nyttast, slik at istandsettinga er ein rein konservering og gjev ingen bruksverdi for eigarane. Dekningsgraden for tilskotet er difor sett til 100 %.

49	Kaupanger hovedgård	Nils Joachim Knagenhjelm	497 000	497 000		250 000	Måling av fasaden mot fjorden. Kitting av vindauga i fasaden mot fjorden.	Søknaden omhandler måling av fasaden mot fjorden og kitting av vindauga. Måling av huset er ordinært vedlikehold. På Kaupanger hovedgård er det mange, og til dels store, fredsbygninger så eigar har ei stor vedlikehaldsbyrde. Noko som gjer at ein i dette tilfelle har vurderer at fylkeskommunen kan yte tilskot til dei omsøkte tiltaka. Då søknaden gjeld eigar sitt bustadhus, og fylkeskommunen har avgrensa med midlar til fordeling, finn fylkesdirektøren det rimeleg å bidra med inntil 50 % av utgiftene til tiltaket. Då tilgjengelege midlar var vesentleg mindre enn det fylkeskommunen har fått søknadar om, har ein her vurdert at tiltaket kan utsetjast til 2022 og det vert difor tilrådd at det vert gjeve ei førehandstilsegn.
Stryn								
50	Tingvoll, hovudhus	Henny Staalnacke	181 119	97 300	Avslag		Drenering langs grunnmur.	Drenering er eit tiltak som kan vere naudsynt for eldre eigedomar uansett vernestatus. Tiltaket er allereie utført og dermed ikkje tilskottsberettiga.
51	Tingvoll, hovudhus	Henny Staalnacke	127 500	71 500	Avslag		Reparasjon av vasskadar i stove/spisestove.	Eigar har fått tilskott i 2020 for tilstandsundersøking av berande konstruksjonar. Desse er ikkje nytta. Fylkesdirektøren rår difor til at tilskot til ny tapet ikkje blir vurdert før dei underliggende skadane er utbetra.
52	Villa på Dalheim / Singerheimen	Stiftelsen William H Singer jr's og Anna Brugh Singers minde	2 373 052	2 000 000	600 000	1 000 000	Legge om tak og reparasjon av takkonstruksjon. Oppstøtting av nedsigen del i kjøkken.	Takkonstruksjonen på villaen ser ut til å ha omfattande røteskader og det er nødvendig å setje det i stand for å unngå ytterlegare skadar. Skadeomfanget på taket og årsaken til deformasjonen i konstruksjonen over kjøkenet er usikker og må fyrst avdekkast. Fylkesdirektøren rår difor til at delar av tilskotet gjevast som førehandstilsegn for 2022. Løyving for 2021 og førehandstilsegn for 2022 utgjer til saman 60 % av dei stipulerte istandsettingskostnadane. I tillegg er 15 % av tilskotet løyvd til administrasjon.
Sunnfjord								

53	Gjerland, stabbur	Arne Åsmund Gjerland	536 187	450 000	50 000	350 000	Restaurering av stabbur. Skifte ut røteskade stokker og legge nytt tak. Det skal og byggast svalganger som det opprinnelig har vore på stabburet.	Stabburet på Gjerland er med unntak av understellet sjeldant komplett og autentisk. Det er sannsynleg at det er frå før 1650, men dette vil ikkje kunne stadfestast før evt. under istandsettinga. Nevertaket må no leggest om grunna lekkasje samt at lafteverket har stått ubeskytta mot ver og vind i ei årrekke. Bygningen har tidlegare hatt svalgang på sidene og slik vore verna mot klimatiske forhold. I samband med istandsetting av understellet er planen å tilbakeføre bygningen med svalgangane. Fylkesdirektøren vurderer desse tiltaka som naudsynte for ivaretaking av bygningen.
Ullensvang								
54	Agatunet, stabburet til Lensmannstova	Stiftelsen Agatunet	459 240	300 000	280 000		Demontere og remontere helletak. Skifte ut røte undertak. Fjerne Glava som er lagt inn mellom stender og bjelker på søre gavlveggen og skifte ut røte treverk.	Synfaringa og tilstandsregistreringa i 2020 tilsa at takkonstruksjonen og trotaket var ok, men nærare undersøking i etterkant viser at heller hadde losna og er på vei ned grunna stor røte- og insektskade i lekter/innfesting. Fylkesdirektøren vurderer dette prosjektet som eit tiltak som må utførast raskt, m.a. for å sikre taket til turistsesongen. Kledningen på søre gavlvegg har røteskader og treng istandsetting. Her er det på eit tidspunkt montert isolasjon heilt ut i kledningen, noko som har medført kontinuerleg fuktpåkjenning og akselererande røteskade som konsekvens.
55	Hesthamar skrivargard	Stiftinga Hesthamar skrivargard	3 420 000	2 400 000	400 000	500 000	Vidareføre istandsetjinga: Restaurering av golv og underlag i fleire rom, inkl. sikring av setningsskader. Justering av dører og restaurering av dørlåser. Måling av himling, vindauge, dører og brystningar. Tilbakeføring til tapet av 1700-tals type i alle rom.	Tiltaka inneber ei vidareføring av pågåande istandsettingsarbeid og vil på sikt leggja til rette for meir ålmenn bruk av kulturminnet. Utbetring av golv og setningsskader er vesentleg for ivaretaking av huset og vert difor prioritert, saman med ein samla plan for innvendige overflater. Tilbakeføring av fargar og tapet vil sterkt auka opplevingsverdien til interiøra, men fylkesdirektøren meiner det ikkje er rom for å prioritere dette tiltaket i år.
56	Borgstova i Kinsarvik		50 000	30 000	Avslag		Måle krota dekor i interiøret, etter tradisjonelle førebilete frå distriktet.	Kroting kan reknast som kunnskapsutvikling/kompetansebygging i ein nesten utdøydd handverkstradisjon og er difor eit godt tiltak i seg sjølv. Men tiltaket er ikkje naudsynt for ivaretaking av bygningen, som dessutan er i kommunalt eige. Søknaden vert difor ikkje prioritert.
Voss								
57	Ystås, løe	Aslaug Jorunn Nestås	1 011 080	1 000 000	Avslag		Utbetring av taket på løa.	Taket mot aust, der ein stein hadde falle ned, er mellombels tetta. Kostnader til dette vert dekt av ekstraordinære midlar. Det er ikkje motteke kostnadsoverslag til tiltaket, som treng å utgreiast betre. Fylkesdirektøren vurderer at tiltaket kan vente til neste år.

58	Opheim, loft	Marta Opheim	495 405	401 165	300 000		Utbetret og skifte røteskadd takkonstruksjon. Innkledning av nordvegg og delar av sydvegg. Rive sval/tilbygg som står inntil nordveggen. Svalen skal ikkje gjenoppbyggast.	Fylkesdirektøren prioriterer i denne omgangen tilskot til utbetring og utskifting av røteskadd takkonstruksjon, renner og nedløp. Ei fullfinansiering til tetting av taket vil sikre at tettingsarbeidet blir gjort, og vil hindre ytterlegare skade på bygningen. Fylkesdirektøren vurderer at utbetring av nordvegg og delar av sørvegg kan utsettast til neste år.
59	Vangsly	Ole Didrik Lærum	144 968	101 064	Avslag	0	Reparasjon og puss av grunnmur, reparasjon og måling av fasade/takdekor.	Bygningen er ikkje freda, men VLFK meiner han er i fredingsklasse og vil starte fredingssak når det blir kapasitet til det. Fylkesdirektøren meiner at tiltaket er innanfor rammene til det som må reknast som vedlikehald. Innanfor dei løyvingane og retningslinene som er gitt for posten vil ikkje fylkesdirektøren prioritere løyvingar til bygningar som ikkje er freda eller meldt oppstart av freding på.
60	Ystås, bruk 3 - lemstove, årestove og løe	Torunn Ystaas	493 724	337 724	240 000	60 000	Lemstove med årestove: Utbetring av takrenner - framme på årestova, på nedsida på lemstova. Restaurering av bislagtaket på lemstova etter snøfall. Løa/floren: Restaurering av fire opphavelge vindaug, vøling og utskifting av råteskadd himlingsbord, tilbakeføring av taktekking frå bølgeblekk til lappskifer, vøling/utskifting av sutak, vøling av mur i sauefjøs.	Det vert løyvd tilskot til vøling av lemstove og årestove, som omsøkt. Det vert løyvd tilskot til restaurering av fire opphavelge vindaug, vøling og utskifting av råteskadd himlingsbord, vøling/utskifting av sutak, vøling av mur i sauefjøs. Tilbakeføring av taktekkingsmaterial frå bølgeblekk til lappskifer vert ikkje støtta. Her vil vi tilrå at taket tekkast med bølgeblekk. Målararbeid kan utsettast til neste år. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert gitt ei førehandstilsegn på målararbeid på 60 000 kr.
Øygarden								
61	Fjell Festning, forvaltningsplan	Stiftinga Fjell festning	532 126	300 000	300 000		Utarbeide forvaltningsplan for heile anlegget.	Anlegget er stort og komplekst, med høg bevaringsgrad, men òg med ei rekke tekniske utfordringar knytt til vedlikehald, både på kort og lang sikt. Forvaltningsplanen er ein overordna plan for anlegget. Den vil gje ein oversikt over konstruksjonar, overflater, rom og bygningsdelar, og vil innehalde forslag til tiltak for vern av anlegget. Det er utarbeidd ein god og detaljert plan for tiltaket. Tilskotet går til utarbeiding av forvaltningsplan slik det er beskrive i tilbod frå Forsvarsbygg.
62	Fjell Festning, tiltak mot vanngjennomtrenging	Stiftinga Fjell festning	750 000	525 000	Avslag		Legge 200 m2 membran og støype betongkappe rundt maskingeværstilling. Graving, avretting og tilfylling.	Tiltaket inneber tetting med membran og støyping av betongplate rundt nedgang til maskingeværbunker. Tiltaket er viktig for å stoppe vatngjennomtrenging og fuktskadar i denne delen av anlegget, men søknaden er ikkje tilstrekkeleg dokumentert, korkje når det gjeld omfanget av tiltaket, eller når det gjeld teknisk utføring. Forvaltningsplan og tilstandsanalyse vil her kunne gje grunnlag for betre dokumentasjon. Fylkesdirektøren vurderer ikkje å prioritere tiltaket i denne omgangen.

63	Fjell Festning, avfuktingsanlegg	Stiftinga Fjell festning	200 418	140 000	Avslag		Montering av avfuktingsanlegg i hovudinngang seksjon 2.	Tiltaket er mangelfullt dokumentert. Forvaltingsplan og tilstandsanalyse vil her kunne gje grunnlag for ein betre dokumentasjon. Fylkesdirektøren vurderer ikkje å prioritere tiltaket i denne omgangen.
64	Fjell Festning, tilstandsrapport	Stiftinga Fjell festning	210 376	110 000	110 000		Tilstandsregistrering, utarbeide tilstandsanalyse utvendig og i åtte sonar av anlegget. Om lag 96 rom i alt.	Anlegget er stort og komplekst, med høg bevaringsgrad, men òg med ei rekke tekniske utfordringar knytt til vedlikehald, både på kort og lang sikt. Tilstandsregistrering og -analyse vil bidra til å avdekke fuktproblem, utvendig og over åtte seksjonar i anlegget. Tilstandsanalysen inneheld kartlegging av bygningsmessige tilhøve, forslag til utbetringstiltak og kostnadsestimat. Tilstandsanalysen vil kunne leggast til grunn for eit vidare arbeid med forvaltingsplan for anlegget. Tilskotet går til utarbeiding av tilstandsanalyse slik det er beskrive i tilbod frå Forsvarsbygg.